

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 07.11.2022
SAKSHANDSAMAR: Marit Solheim/ Guro Mjanger
SAKA GJELD: **Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde**

ARKIVSAK: 2022/2554

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
24.11.2022

STYRESAK:
070/2022

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek orientering om forskings- og innovasjonsaktiviteten andre halvår 2022 til vitende.

Oppsummering

Administrerende direktør legg med dette fram ei kort orientering om aktiviteten innan forskning og innovasjon andre halvår i 2022.

Helse Førde har hatt ein disputas i haust. I tillegg har det vore arbeidd mykje med forskings- og innovasjonssøknader til Helse Vest og Norges forskingsråd, av dette fleire større søknader. Det har vore ein liten auke i tal søknader på interne forskingsmidlar, men med relativt små tal vil det vere variasjonar frå år til år.

Det har hausten 2022 vore jobba mykje med kliniske studiar i Helse Førde. Nasjonalt har fleire forskingssenter for klinisk behandling blitt oppretta i løpet av året, og HFD deltek i nettverket til tre av desse sentra; innan kreft, nevrologi, samt revmatisme og muskel-skjelett. Dette er miljø der HFD alt har eit etablert forskingssamarbeid. Vidare pågår det eit regionalt arbeid i Helse Vest knytt til oppstart og gjennomføring av kliniske oppdragsstudiar – «EnVeiVest». Her ser ein på kva oppgåver som kan organiserast som regionale løysingar, kva behov det er for regionale nettverk og korleis sikre god kommunikasjon på tvers av føretaka. Direktørmøte i Helse Vest vedtok i sitt møte i august (sak 07/22) ei fordeling av ressursar til arbeidet, der HFD fekk tildelt 930 000 kroner for 2022 med intensjon om vidare finansiering i fem år. Lokalt har HFD starta eit prosjekt for å auke aktiviteten på kliniske studiar i alle klinikkar.

Ved årsskiftet vert dei to tematiske forskingssatsingane Psykisk helse og rus (PHR), og Folkehelse, livsstil og overvekt (FLO) lagt ned, og ei ny felles satsing kalla Persontilpassa helsetenester (PERSONFORSK) vert etablert. Den nye satsinga er tverrfagleg, og ein del av prosjekta i PHR og FLO vert med vidare i den nye satsinga.

Planlegging av Helseinnovasjonskonferansen 2023 er godt i gang. Også komande år vert det ein digital konferanse som går over to halve dagar 1.-2. februar. Karita Bekkemellem, administrerende direktør i NHO Geneo, opnar konferansen. Programmet vert oppdatert fortløpande: www.helseinnovasjonskonferansen.no

Helse Førde har jobba målretta med kommunikasjon og formidling i 2022. Eitt av resultatane av dette er eit magasin, der utvalde forskings- og innovasjonsprosjekt er presentert. Målet med magasinet er å nå ut til eit breitt publikum, og å presentere prosjekta våre på ein lett tilgjengeleg måte for å vise breidda i det vi jobbar med. Det er viktig både for kulturbygginga, og som eit rekrutteringstiltak for å vise fram moglegheiter med å jobbe med forskning og innovasjon i HFD. Den digitale versjonen av magasinet kan lesast her: [F&I magasinet -forskning og innovasjon i Helse Førde by Senter for helseforskning - Issuu.](#)

KORT ORIENTERING OM FOI-AKTIVITETEN ANDRE HALVÅR 2022

Det har vore høg aktivitet også andre halvdel av 2022 både når det gjeld forskning og innovasjon. Ei kort orientering om utvalde emne vert nemnd i denne saka.

Disputasar

Samfunnsøkonom Oddne Skrede disputerte 2. november ved Universitetet i Stavanger med avhandlinga "Agglomeration and performance in Norwegian tourism". [Disputas for Oddne Skrede | Universitetet i Stavanger \(uis.no\)](#). Skrede er tilsett i seksjon for forskning og innovasjon, og jobbar som analytikar i helseatlas og samhandlingsbarometeret.

Status søknader

Interne søknader:

Det kom inn elleve søknader på dei interne utlyste forskingsmidlane for 2023 med søknadsfrist medio oktober. Eit særtrekk ved årets søknader er at nær halvparten av dei kjem frå medisinsk klinikk. Seks av søknadene er nye prosjekt. Søknadene er under vurdering av vitskapeleg komité. Utlysing av interne innovasjonsmidlar for 2023 er framleis aktiv med søknadsfrist 1. desember 2022.

Søknader til Helse Vest:

Det vart sendt inn fire søknader til Helse Vest si årlege utlysing av forskingsmidlar den 15. september, alle er søknader om phd-stipend. HFD er samarbeidspart i 24 søknader. Til Helse Vest si utlysing på innovasjonsmidlar 7. oktober vart det sendt inn fire søknader i kategorien nye prosjekt og tre søknader i kategorien idéoverføring. Helse Førde har tidlegare ikkje sendt inn søknader i kategorien idéoverføring. Denne kategorien er for å adoptere gode løysingar som er blitt implementerte ved andre sjukehus. Tildelingar for begge utlysingane er venta før jul.

Andre eksterne søknader:

Helse Førde har søkt forprosjektmidlar til NFR sitt program Pilot Helse, innan temaet *Digital heimebehandling*. Næringslivspartnar er Norse Feedback. Helse Førde er vidare partnar i ein forprosjektsøknad om bruk av droner i helsevesenet. Droneleverandøren Aviant er søkjar, og alle helseregionane er med. Pilot Helse er eit samarbeid mellom Forskningsrådet, dei regionale helseforetaka, KS, SIVA og Innovasjon Norge. Dette er ei relativt ny ordning som lyser ut midlar til ambisiøse innovasjonsløp som skal bidra til berekraft i helse- og omsorgstenestene og samtidig verdiskapning i norsk helsenæring.

Helse Førde søkte tidlegare i år på ei utlysing frå Kreftforeningen på midlar til infrastruktur til kliniske kreftstudiar. Søknaden var støtteverdig, men nådde ikkje opp i konkurransen. Dette er første gongen Helse Førde har søkt forskingsmidlar frå Kreftforeningen.

Helse Førde har fått samarbeidsmidlar frå Høgskulen på Vestlandet til eit prosjekt for å bygge opp VR-kompetanse i begge organisasjonar og utvikle felles prosjekt på området.

Samarbeidspartar er fakultet for ingeniør og naturfag, fakultet for helse og sosialvitenskap og Helse Førde.

Oversikt over innsende FOI-søknader i perioden juni-nov. 2022, Helse Førde-tilsett som søker:

| | Kir. klinikk | Med. klinikk | PHV | Stabs-område | SUM |
|-------------------|---------------------|---------------------|------------|---------------------|------------|
| Interne søknader | 0 | 5 | 3 | 3 | 11 |
| Eksterne søknader | 6 | 5 | 1 | 4 | 16 |
| SUM | 6 | 10 | 4 | 7 | 27 |

Satsingar innan klinisk forskning

Forskningscenter for klinisk behandling er ei ordning finansiert frå Norges Forskningsråd som byggjer på tilrådingar frå HelseOmsorg21-strategien. Det er fire slike senter i Norge. Målet med desse sentra er å etablere ypparlege forskingsmiljø som bidreg til å betre behandlinga av norske pasientar, og at ny behandling skal bli tilgjengeleg for pasientar nær der dei bur. HFD er partner i forskingscenteret MATRIX (kreft), som er leia frå Oslo universitetssykehus. I tillegg er HFD samarbeidspart i prosjekt i dei to forskingscentera REMEDY (revmatisme og muskel-skjelett), leia frå Diakonhjemmet sykehus, og NEURO-SYSMED (nevrologi), som er leia frå Helse Bergen. Alle sentera er leia frå miljø der HFD allereie har eit etablert forskingssamarbeid.

Det er nyleg etablert seks NorTrials-senter, eitt på kvart universitetssjukehus. Sentra er eit offentleg – privat partnerskap mellom spesialisthelsetenesta og næringslivet, og skal vere spydspissar i satsinga på å få fleire næringslivsfinansierte kliniske studiar til Noreg. Målet er å rekruttere flest mogleg pasientar, og legge til rette for forskning på alle sjukehus i landet. Kvart senter har ansvar for eitt tematisk satsingsområde, som kreft, hjarte-kar sjukdomar eller medisinsk utstyr. Området for kvart senter er valt ut i samarbeid med næringslivet. Midlane, som kjem frå eiga tildeling i statsbudsjettet, skal finansiere støttefunksjonar, akkreditering og kompetansetiltak. Sjølvstudiane føreset ein vert eksternt finansiert. HFD er registrert i ein nasjonal portal knytt til NorTrials, der næringslivet kan sjå kva sjukehus som er aktuelle for deltaking i kliniske studiar, og sende førespurnad til sjukehus dei ønskjer samarbeid med. Det er kome inn to førespurnader til HFD via denne portalen etter oppstarten i august.

Vidare pågår det eit regionalt arbeid i HELSE VEST knytt til oppstart og gjennomføring av kliniske oppdragsstudiar – «EnVeiVest». Ein har vurdert kva oppgåver som kan organiserast som regionale løysingar, kva behov der er for regionale nettverk og korleis sikre god kommunikasjon på tvers av føretaka. Direktørmøtet i Helse Vest vedtok i august (sak 07/22) ei fordeling av ressursar til arbeidet, der HFD fekk tildelt 930 000 kr for 2022, med intensjon om vidare finansiering i fem år.

Både dei nye nasjonale forskingscentera for klinisk behandling, NorTrials, og EnVeiVest har allereie ført til og vil framover føre til fleire førespurnader til HFD om deltaking i kliniske studiar. Dette føreset at HFD har gode rutinar for å svare ut desse førespurnadene på ein rask

og effektiv måte, og etablerer det nødvendige apparatet for å kunne delta i fleire studiar, og auka kompetanse innan kliniske studiar. Seksjon for FOI har starta arbeidet med utarbeiding av rutinar for å fremme raskare avgjerds- og oppstartprosessar og ryddig forankring for kliniske oppdragsstudiar, rolleavklaringar med meir. Arbeidet er organisert som eit prosjekt leia av fagdirektør. Prosjektet er tverrfagleg og skal sjå på intern infrastruktur og andre tiltak for å fremme betre integrering av kliniske studiar i klinisk praksis. Aktuelle interessentar frå klinikkane vert kopla på undervegs i arbeidet. Prioriterte aktivitetar vil også vere å fastsette ressursbehov og behov for areal for å kunne auke omfanget av kliniske studiar.

Tematiske forskingssatsingar

Dei to tematiske forskingsgruppene Psykisk helse og rus (PHR), og Folkehelse, livsstil og overvekt (FLO), vert f.o.m. 01.januar 2023 slått saman til ei forskingssatsing kalla "Persontilpassa helsetenester, kortnamn PERSONFORSK". Den nye satsinga er tverrfagleg, og ein del av prosjekta i PHR og FLO vert med vidare i den nye satsinga, som vert organisert som ei forskingsgruppe. Det er vedteke ein handlingsplan for den nye satsinga, der rekruttering av nye forskarar og miljøbygging er sentralt. Det Helse Vest-finansierte prosjektet «Personalized and data-driven specialty care. Health service research based on patient data in routine practice», er eit viktig prosjekt i PERSONFORSK. Dette har særleg styrka forskingsaktiviteten i kirurgisk klinikk, der det starta to nye phd-stipendiatar i haust.

Etter ein søknadsbasert prosess er eit toårig forprosjekt for ny forskingssatsing i Helse Førde no vedtatt. Forprosjektet har tittelen «Tidlig identifikasjon av barn og unge med sammensatte helseplager», og startar opp januar 2023.

Handlingsplan for forskning og innovasjon i strategiperioden 2020-2025

Status tiltak 2022:

Helse Førde har ein strategi for forskning og innovasjon for perioden 2020-2025. Det overordna målet i strategien er å bli ein varig forskingsorganisasjon. Det er utarbeidd ein handlingsplan knytt til strategien. Viktige tiltak det har vore arbeidd med det siste halvåret er vidareutvikling av tematiske satsingar, avklaring av av forprosjekt for ny strategisk forskingssatsing, målretta kommunikasjonsarbeid (laga magasin), og opprette tettare dialog med HR og klinikkane.



Magasin om forskning og innovasjon i Helse Førde

Helse Førde har arbeidd målretta med kommunikasjon og formidling i 2022. Eitt av resultatane av dette er eit magasin, der utvalde forskings- og innovasjonsprosjekt er presentert. Målet med magasinet er å nå ut til eit breitt publikum, og å presentere prosjekta våre på ein lett tilgjengeleg måte for å vise breidda i det vi jobbar med. Det er viktig både for kulturbygging og rekruttering. Den digitale versjonen av magasinet kan lesast her: [F&I magasinet -forskning og innovasjon i Helse Førde by Senter for helseforskning - Issuu.](#)

Helseinnovasjonskonferansen 2023

Helseinnovasjonskonferansen 2023 går over to halve dagar 1. - 2. februar. Også i 2023 vert konferansen digital, då Helse Førde har gode erfaringar med dette formatet. Norges Forskingsråd har gitt tilskot på 100 000 kroner til konferansen. Karita Bekkemellem, administrerende direktør i NHO Geneo opnar konferansen. Program for dagane vert oppdatert fortløpande, og detaljar kan ein finne her: www.helseinnovasjonskonferansen.no

Besøk av administrerende direktør i Innovasjon Norge

Håkon Haugli, administrerende direktør i Innovasjon Norge, deltok i felles styreseminar mellom styra i Helse Vest RHF og Helse Førde i september i år. Etter styreseminaret hadde han sett av resten av dagen til å bli betre kjent med innovasjonsarbeidet i Helse Førde. Vi fekk vist fram fleire av prosjekta våre, og inviterte også inn Høgskulen på Vestlandet, Kunnskapsparken Vestland og Sunnfjord Utvikling til møtet.

f.v: Christian Moltu, Trine Vederhus (Retrams), Stein-Asle Øvrebøtn (Retrams), Anne Kristin Kleiven, Håkon Haugli (Innovasjon Norge), Elin Johnsen, Jeanette Svarstad



Innovasjonssamarbeid med næringsliv

Helse Førde får stadig nye førespurnader frå aktørar i næringslivet med spørsmål om samarbeid. Det er for tida tre bedrifter vi har formalisert samarbeid med gjennom innovasjonskontraktar innan ulike område i sjukehuset; utvikling av ein persontilpassa, forskingsbasert og datadriven teknologi for å hjelpe pasienten heime, 3D-printing av ulike delar ein treng i eit sjukehus, og utvikling av eit verktøy for leiarutvikling. I tillegg til dei formaliserte samarbeida kjem det regelmessige førespurnader om Helse Førde kunne tenke seg å samarbeide gjennom produktutvikling og samarbeid om søknader. Dette viser at Helse Førde har blitt meir synleg i det offentlege rom som ein relevant og attraktiv samarbeidspart, og at kulturbygginga vi har jobba målretta med begynnar å vise att.

Kommentarar

Oppstart av senter for klinisk behandlingssforskning er ei viktig nasjonal satsing som også Helse Førde ber frukter av. Gjennom langvarige forskingssamarbeid har Helse Førde blitt invitert inn i nettverk knytt til sentera. Fleire prosjekt HFD deltek i inngår i prosjektporteføljen i desse sentera, andre er under utvikling. Dette viser at føretaket på nokre område har klart å opparbeide seg ein forskingskompetanse som vert sett på som attraktiv for samarbeidspartar, samtidig som vi er eit gunstig sjukehus å samarbeide med på grunn av storleiken. Det vil vere svært viktig framover å bygge vidare på dei strukturane vi allereie har rundt klinisk behandlingssforskning, samtidig som vi jobbar med eit langsiktig mål om at slik forskning skal vere ein integrert del av den kliniske verksemda.

Påganga frå næringslivsaktørar som ønskjer innovasjonssamarbeid aukar. Dette er positivt i den forstand at det viser at Helse Førde har blitt ein meir synleg aktør som er open for omverda. Samtidig er dette ressurskrevjande, og ein må framover prioritere endå tydelegare dei samarbeid om gir størst potensielle gevinstar for betre pasientbehandling og meir effektive tenester.

Konklusjon

Administrerande direktør legg med dette fram statusrapport for forskning og innovasjon. Forskings- og innovasjonsaktiviteten andre halvår 2022 har vore høg, blant anna med stor søknadsaktivitet. Forsking og innovasjon er eit sentralt satsingsområde for føretaket, og det vil særleg bli lagt vekt på å auke tal kliniske studiar framover, i samsvar med nasjonale føringar.